

Undset-biografi:

Sigrun Slappgard gav i 2007 ut biografien *Sigrid Undset – Dikterdronningen*, som fikk stor oppmerksomhet.

Sigrun Slappgard

Ukjente Undset-brev opna nye dører

Biograf Sigrun Slappgard fortel om Jarl Hemmer-breva som dukka opp i samband med skrivinga av *Dikterdronningen*, biografien om Sigrid Undset. Årets Undsetforedrag halde på Lillehammer under Norsk Litteraturfestival, Sigrid Undset-dagene 2008.

Det skal ha vore ei feit samling brev og manusutkast som gjekk opp i røyk natta før Sigrid Undset flykta opp Gudbrandsdalen aprildagane 1940. Gode skildringar frå desse dramatiske dagane har vi både frå henne sjølv og dei som var saman med henne under flukta. Men ingen har kunna fortalt oss nøyaktig kva det var diktaren og formannen i Forfattarforeininga let flammene ete opp denne natta. Vi veit berre at vi mista nokre nøklar til å få full kjennskap til liv og gjerning.

Vi mista også heilt sikkert sjansen til å leite i andre retningar etter biografiske opplysningar enn der det har blitt leita før. – Eg har eit døme: For ei tid tilbake, mens eg var i innspurten med manus til *Dikterdronningen*, vart eg oppringt av ein norsk historikar, Bodil Katarina Nævdal, som spurte om eg kjente til ei større samling Undset-brev i Finland? Nærmare bestemt i Åbo Akademis bibliotek. Eg måtte svare nei, ikkje ein gong Undset-ekspertisen kjente til at det fanst ei slik brevsamling. Dei fleste Undset-breva var stila til forfattaren Jarl Hemmer, eit fåtal til kona Saga Hemmer, kunne historikaren fortelje.

At Sigrid Undset hadde hatt så pass tett kontakt med den finske forfattaren, var

ukjent både for meg og tidlegare biografar. Og kven kunne tenkt seg at denne brevvekslinga hadde gått over heile tjuet fem år? I Handskriftsamlinga i Oslo finst berre eit fåtal brev med referanse til Jarl Hemmer og ingen indikasjon på tett og personleg kontakt.

Eg visste jo at Sigrid Undset hadde hatt kontakt med den leiande finsk-svenske forfattaren i samband med det nordiske forfattarsamarbeidet. Men eg hadde ingen nøkkel som peika i retning av eg burde leite i arkiv i Finland, slik eg hadde hatt andre nøklar til å leite i ulike arkiv i USA, til dømes. Forklaringa er sjølvsagt at Sigrid Undset blant anna fyrte opp med dei mange breva frå nettopp Jarl Hemmer før ho flykta over til Sverige og USA. Dei to hadde stått saman i kampen mot fascisme og nazisme, og det siste året før tyskarane marsjerte inn i Norge hadde dei to stått sterkt saman for Finlands sak. At det den 9. april 1940 var tre små finske barn på Bjer-



Sigrun Slappgard.

kebæk, hang nettopp saman med Sigrid Undsets tette utveksling med sin finske kollega Jarl Hemmer. Derfor hadde ho også all grunn til å la "bevismateriale" som kunne kompromittere kollegaen, gå opp i røyk.


Så og seie alle av Jarl Hemmers brev til Sigrid Undset er derfor borte. Men så kom altså dette tipset frå ein historikar som forska på noko heilt anna. Så tilfeldig kan biograf-jakta på nytt stoff av og til vere. Brått sat eg med ei stor brevsamling med mange nye opplysningar, mange av breva i Sigrid Undsets krevjande handskrift sidan brevvekslinga starta fire år før ho gjekk til innkjøp av skrivemaskin i 1928. Dette skjedde for under eitt år sidan, eg fekk travelt med å omarbeide mitt eige manus. Eg fekk nye opplysningar blant anna om Sigrid Undsets diktarprosess og hennar kamp for å finne trua.

Ein kjenslevar åndsfrende

Kven var så denne Jarl Hemmer? Han var født elleve år etter Sigrid Undset, i 1893, og debuterte litt over tjue år gammal i 1914 med diktsamlinga *Rösterna*. Han gav i alt ut eit titals diktsamlingar og vart raskt populær gjennom sin tidlige kjærleiks- og naturlyrikk. Altså ikkje rart at Sigrid Undset skulle få sterk sans for denne sin finsk-svenske kollega. Hemmer pendla som ho sjølv, særleg i tidlege år, sterkt mellom dei lysaste skildringar og nattsvart, tungt mørke. Som ei av hans kjente strofer seier det:

*Jag vet nog: min sång blir ej sansad och hel,
blir dödsdömk den ena gången
och bländljus igen. - Det är rösternas fel,
som alla ta toner i sången.*

Jarl Hemmer fekk sitt store gjennombrøt med forteljinga *Rugens rike* i 1922 – ei historisk forteljing på vers. Hans mest omtalte



Den finske forfattere Jarl Hemmer.

bok vart *En man och hans samvete*, som kom i 1931 og handlar om den finske borgarkrigen. For denne romanen fekk han den Store Nordiske Romanprisen. I 1933 vart han tildelt Finlands-svenskane sin "Diktarheim" i Borgå.

Da romanen *Morgongåvan* om Åland kom i 1934, var det ei bok mye etter Sigrid Undsets smak: om ålandsk allmugeliv på 1880-talet, fiskarar og bønder. Her var forteljingar om å dra stornot, om seljakt, om reising av midtsommarstonga – alt i stemingsfylte skildringar.

Jarl Hemmer sleit tidleg med depresjonar og ei jakt etter ein Gud som for han var vanskeleg å finne. Kanskje var det først og fremst eit meir harmonisk liv han søkte. Mye av dette har han tydelegvis skrivt om til Sigrid Undset etter som åra gjekk. Blant anna om strevet for å finne ei tru og at han

til slutt i 1938 gjekk med i Oxford-rørsla. Alkohol og diverse legemiddel gjorde ikkje livet betre for den vare diktarsjela som Jarl Hemmer openbert var. Den 6. april 1944 – mens Sigrid Undset ennå var i USA – gjorde han sjølv slutt på livet og etterlet seg kona Saga – som da heldt fram brevvekslinga med Sigrid Undset heilt fram til hennar død fem år seinare.

Uvanlege gløtt inn i skrivekleven

Breva frå Sigrid Undset til Saga og Jarl Hemmer er altså i dag å finne i Handskriftsavdelinga i Åbo Akademis bibliotek og startar med hennar brev til Jarl Hemmer 1.9.1924. Hans første brev til henne finst ikkje, men det går fram av Undsets svarbrev at han har kommentert Kristin Lavransdatter-bøkene og må ha gitt henne ros for å ha skrive som under sterk inspirasjon, kanskje har han spurt om ho let seg rive med av stoffet undervegs? For Sigrid Undset skriv om Jarl Hemmers analyse av verket: "Antagelig har de ret i en hel masse av hva De sier. Andre ting er naturligvis galt gjettet. Handlingens gang er f eks ferdig planlagt fra jeg begynte at skrive og den eneste forandring er at jeg kom til at gi Simon Darre en bredere plass fordi jeg forelsket mig i ham mens jeg skrev."

Detter er uvanlege gløtt inn i Sigrid Undsets skrivekleve. Ho kommenterte sjeldan sine egne bøker, men her gir ho ei vurdering av sitt eige verk: "Saa jeg syntes jo det var morsomt at De hadde fremhevet hans død - jeg stod opp en natt og skrev det kapitlet og rørte aldrig siden et komma i det. Og det er det jeg selv liker best i boken. Med beste hilsen Sigrid Undset."

Eitt av dei sjeldne etterletne breva frå Jarl Hemmer til Sigrid Undset er datert 9. januar 1926 og sendt frå Brandö i Helsingfors. (Christianne Undset Svarstad hevdar i Edda 1955 at det er det einaste etterletne

Hemmer-brevet, men det finst i dag nokre til frå Amerika-tida i Handskriftsamlinga i Oslo.) "Fru Sigrid Undset! Nu skall jag sent omsider be att få säga Er et hjärtligt tack för den stora vänligheten att sända mig "Olav Audunsson". Dei to forfattarkollegaene har alt nå kome inn i ein vane der dei sender sine bøker til kvarandre, og ofte vedlagt egne og andres bokomtaler. "Er nya bok har givit mig mycket att tänka på," skriv Hemmer, "För mig personlig ligger kanske den störste behållningen för denna gång icke så mycket i den mäktige og gripande handlingen, fast än jag skattar den högt. Ty det finnes i Er bok en mängd yttranden och tankar, som ha en personlig aktualitet för mig – dem glömmar jag icke."

Det er eitt særskilt strekk i romanen som han "åter og och åter hör ringa" i sine ører og han siterer frå *Olav Audunsson* side 30, del 2: " – det var oftest ved en mands rædhug at Djævelen fik lokket ham ind i ilden sin - fordi en mand blev ræd at Gud skulde kræve for meget av ham. – Da kom løggenes gamle Fader og fanget en mands sjæl med sin gamle hovedløgn – at han krævet mindre av sine og lønnet dem bedre – saalænge det varte. Men nu måtte han selv vælge, om han vilde tjene i den ene hald eller den anden."

Jarl Hemmer takkar spesielt for desse orda Sigrid Undset har brukt om Olavs sjelkamp: "Tack för de orden," skriv Hemmer, "like sanna i dag som för flere århundraden tilbake!"

Nye nøklar til liv og verk

Slik gir dette eine viktige brevet frå Jarl Hemmer eit eige lys og sine egne nøklar til resten av Undset-breva som finst i Åbo. Det handlar om diktarprosess og det handlar om åndeleg kamp. I svara sine til Jarl Hemmer opnar Sigrid Undset heilt uvanleg mye på døra inn til sin eigen skrivekleve, men

også til sin eigen sjelelege utvikling og åndskamp.

Neste brev frå Sigrid Undset som er tatt vare på, er datert 21.12.1928, altså like etter at ho fekk Nobel-prisen og Jarl Hemmer har openbert sendt henne si siste bok – og kommentert hennar skrift "Katholsk propaganda". Ho erkjenner at det er eit kampskrift, ein polemikk mot det ho ser som "fordommer og usand historieskriving" om katolisismen i samband med Lars Eskelands utmelding av statskyrkja og konversjon til den katolske kyrkja. Det er tydeleg at Hemmer igjen har skrive om si eiga søken etter tru, Undset tillet seg å gi eit lite råd: "De skriver at De vil, men kan ikke komme til en virkelig tro. – Får jeg lov at si Dem, hvad vi tror - ? Vi tror at ingen kan det, uten megen og ydmyk bøn om at faa troen til gave – uten den overnaturlige gave blir det alltid til usandhet..."

Ho siterer det gamle ordet frå Jesus: "I skal alle forarges over mig" – og viser til menneskets kamp mot sine egne instinkt: "Vi gjør det alle – det er Korsets forargelse, eller som franskemønderne sier det endda mer pointeret "le scandale de Jesus-Christ"." Og ho viser til: "Spillet i vår underbevissthet som middelalderens psykologer kjendte saa godt og som senere tids filosofi har satt ut av betydning, like til psyko-analysen fik tak i den, paa en falsk og fordærvelig maate, [Spillet i vår underbevissthet] kan vi ikke bekjempe med vår bevisste psykes krefter alene." Sigrid Undset meiner altså Guds hjelp må til for å stå imot instinktas kraft, berre Gud kan gi vilje til å kome utanom katastrofe og syndefall.

Temaet syndefall og arvesynd held fram – og i november 1929 utdjuvar Sigrid Undset sitt syn på arvesynda: "Skylden er en medfødt rygmarvsskade," skriv ho, og at det alltid er eit behov for å legge seg på kne og be. Ho legg ikkje skjul på at ho sjølv har

gått ein lang veg frå den syndefulle personen ho var ein gong: "Ja når man ser seg tilbake og husker, saan og saan var jeg for fem aar siden – det er likevel en lang vei jeg har gaat, og ett skritt om gansen."

Av brevet hennar kan det sjå ut som at Jarl Hemmer har foreslått at det kunne vere hennar særskilte diktarevner som har ført henne til Gud. Men dette avviser Sigrid Undset blankt, ho trur ikkje at det er hennar evne til å dikte som har betydd noko frå eller til i denne hennar "fornyelse" – og for retteleg å understreke dette kjem ho med eit karakteristisk undsetsk fyndord: "- Kunstnerisk frukbarhet og moralsk energi har like lite med hverandre å gjøre som en kvinnes fruktbarhet og hennes evne til å holde av." (Brev til Jarl Hemmer, 3.11.1929)

Dette er i samsvar med den realismen Sigrid Undset elles uttrykker i synet på erotisk kraft – at erotikken i seg sjølv er ein del av vårt menneskelege instinkt, desse instinkta som i følgje henne var opent erkjente i Middelalderen, men seinare ofte forneakta. Desse kreftene gir ho som kjent litterær form i mange av norsk litteraturs sterkaste erotiske møte, som mellom Kristin og Erlend, Ingunn og Olav. Kjærleik som bryt alle lover var ho heller ikkje ukjent med frå sitt eige liv. – Men som ho seier i breva til Hemmer: Sigrid Undset har personleg gått ein lang og møysommeleg veg, med mye knebøy og øving i audmjuk bøn. Sin eigen veg fram til Gud ser ho openbert som ei øving i realisme, ikkje som ei diktarsk evne til ånd.

Festmøte i Helsinki

Den vakre og elleve år yngre Jarl Hemmer møtte Sigrid Undset for første gong på eit nordisk forfattarmøte i Helsinki i 1935, over ti år etter at dei vart brevvenner. Sigrid Undset kom direkte frå eit opphald på kurbadet Montebello i Danmark, ho hadde i

utgangspunktet vore utbrent og overarbeidd, men etter store festdagar i Helsinki var ho som "nyreinska". Ho vart dyrka som ukrona dronninga blant nordens diktarar – ikkje minst av den leiande finsk-svenske dikteren som var vert, nettopp hennar gamle brevvenn, Jarl Hemmer. Og i avisene i Stockholm, København, Oslo og Helsinki kunne ein sjå Sigrid Undset avbil- da i feststemning, alltid midtpunkt på dei store festmøta. – Ei heilt anna kvinne enn ho som vinka farvel til Lillehammer ein månad tidlegare.

Forfattarmøtet var viktig for å markere Finlands ønske om å delta i et nordisk fellesskap; sjølv om landet hadde underteikna en ikkje-angrepspakt med Sovjetunionen i 1932, var forholdet spent til den store, kommunistiske naboen. Avisene var elles fulle av aukande krigsfrykt, ei uro som galdt både Stalin, Hitler og Mussolini.

Blant dei som var med henne til Helsinki, var fleire av hennar beste venner, Petter og Anna Egge, Kristian Elster, Arnulf Øverland og ikkje minst Nini Roll Anker. Sigrid Undset kom oppkvikka og lysten på fest og kollegaselskap etter "sveltekuren" på Montebello. På vegen hadde ho vore innom København og fiffa opp garderoba med ein staseleg hatt pynta med blomar. Ingen var i tvil om kven som var stjerna, heller ikkje den finske pressa som stadig omringa henne – godt hjelpt av ein oppvartande Jarl Hemmer. "Hun ble feiret, fotografert, intervjuet og kurtisert og tok alt med for henne elskelig humør," noterte Nini Roll Anker i dagboka si. (NRAs dagbøker 4.6.1935) På avslutningsfesten vart gåva frå den norske delegasjonen ei praktutgåve av *Kristin Lavransdatter*. Sigrid Undset fekk til oppgåve å takke for opphaldet og heldt "en nydelig tale under lydløs stillhet" (NRAs dagbøker 4.6.1935) der ho tok for seg Karelens sangskatt – Kalevala-dikta. Alt som ung hadde

desse dikta gjort sterkt inntrykk på henne: "– Meg gikk de til hodet aldeles. Det ukjent-tes musikk i de selsomme navnene, det drømmende og fossende [...] med hele rikdommen av suggererende gjentagelse – som en stor elv i fulle vårfloppen, slik virket Kalevala, monoton og veldig og ikke til at bli mettv av." (Essays III, Liv Bliksrud red., s 283)

Og takketalen ho heldt til sine finske kollegaers ære, er ein oppglødd hyllest til sine finske kollegaer: "Jeg vet ikke hvordan jeg skal få takket nok," sa ei rørt Sigrid Undset til slutt. Inspirert og styrka i trua på det nordiske forfattarsamarbeidet reiste ho tilbake til Bjerkebæk og tok fatt på nytt med alle sine nesten umenneskeleg mange gjere- mål.

Felles kamp mot totalitære regimer

"Jeg er svært glad for at jeg endelig tilslut fikk treffe Dem personlig," skreiv ho til Jarl Hemmer og takka den 19. juni 1935. Ho har nettopp kasta seg over hans Ålands-bok. Men utover siste halvdel av trettitalet blir det ein stadig meir dystertone i brevvekslinga, stadig oftare blir det nødvendig å minne om håpet om fred, at krig kan unngåast. Begge uroar seg over verdsutviklinga, men nå kan det verke som at Sigrid Undset ser mørkare på det enn Jarl Hemmer: "Trøsten, at der skal komme en soloppgang – ja den som turde tro paa det!" (Brev til Jarl Hemmer, 14.1.1937) Sigrid Undset nektar å gøyme seg i det ho kallar "en verden av illusjoner", noko som truleg er ein indirekte kritikk av Hemmers sympati for Oxford-rørsla. Igjen er det realisten Undset som markerer seg: "Det taapeligste som er sagt om kristendommen er at det er frygt for helvetet som tvinger noen til Kristus. Dante er formodentlig den største menneskjenner som har diktet om menneskene for i hans helvete er alle bare sig selv."

(Kjelde som over) Ho ønskjer sin venn godt nytt år "med angst og bekymring", som ho skriv.

I desse åra hadde Sigrid Undset brukt stadig meir tid på Forfattarforeininga og blant anna stilt seg i spissen for Ossietsky-saka. Mindre kjent er det at ho også støtta hjelpearbeidet for forfølgde jødar i Tyskland og andre europeiske land gjennom eit radikalt katolsk nettverk leia av den italienske pateren Don Sturzo.

Så vart ho altså formann i Forfattarforeininga – det første mannfolket som hadde leia foreininga, som det vart sagt om henne. Ho la skuldra til i arbeidet for sine kollegaer, for forfatterrettar og vederlagsordningar, for utvida stipend og solidaritet på tvers av landegrensar. Innimellom skrantar det med tid til brevskrivning – og først på året i 1938 klagar ho til Jarl Hemmer: "De vet kanskje at siden sist [sic] vi møttes er jeg blitt formann i Den norske forfatterforening. Det gir en masse arbeid og saa al den tid det tar at sitte paa toget – 4-5 timer fra Lillehammer til Oslo. [...] Og føle at alt man holder av i verden av værdier som er truet og skal forsvares." (Brev til Jarl Hemmer, 1.3.1938)

"Skrive romaner nu kan jeg ikke"

"Hvem kan annet end være deprimert, sånn som verden ser ut i øieblikket!" skriv ho i eit kort brev seinare på året til Saga Hemmer. Og igjen får vi ein viktig nøkkel til kva som skjer med dikteren Sigrid Undset desse åra: "Jeg arbeider – men skrive romaner nu kan jeg ikke, jeg har lagt bort en jeg begynte på for etpar år siden." (Brev til Saga Hemmer, 24.10.1938) "Den som endda kunde skrive dikte – jeg syntes det måtte kanskje kunne hjelpe," skriv ho som eit sukk i det same brevet.

Men i eigenskap av formann kan ho også ta initiativ til nye forfattarmøte – og

inviterer Hemmer til Lillehammer. I november 1938 kjem ekteparet Hemmer på besøk og vennskapet blir enda tettare. Typisk for Sigrid Undset er det at ho etter dette besøket sender sine venner geitost til jul – og har si eiga vesle glede av å trasse regelverket for å hindre munn- og klovsjuka... Uvanleg personleg er Sigrid Undset året etter da ho skriv om dødsfallet til dottera Maren Charlotte (Mosse), og dette brevet fortel i klartekst kor nær kontakt ho har med ekteparet Hemmer:

"Min datter døde den 12. Januar. Hun blev 23 år gammel og hadde vært syk siden hun var 8 måneder. Jeg er glad for det på en måte; ingenting i verden har jeg vært mer redd for end at hun skulde overleve mig, og dessuten – slik som verden er nu, og det er visst lite håb om at den skal bli bedre i vår tid, så er den ikke noe godt sted for et helt hjelpeløst menneske." Slik skriv Sigrid Undset 5. juni 1939. Dette året skulle kome til å bli spesielt for både henne og dei finske vennene. – Det er gripande å lese korleis ho går i detalj om kyrkjeritualet for vesle Mosse, dette mennesket ho kallar "åndssvak", eit menneske som ikkje er i stand til "å gjøre en synd med vilje" – og som derfor heller ikkje skal ha sjelemesse, men at det til gjengjeld blir bedt for dei andre sjelene på kyrkjegarden, at dei må få nyte godt av "den herlige lykkesalighet som det uskyldige barn nå nyter". Sigrid Undset skriv til vennen Jarl Hemmer at det heile hadde minna henne om hans dikt om skytsengelen.

Og nok ein nøkkel til sitt liv på Bjerkebæk gir ho i det same brevet: "Men det er likevel vanskelig for mig å venne mig til at hun er borte. Til syvende og sist [sic] var allting her i huset innstillet på hennes behov, så hvert øieblikk på dagen blir vi minnet om henne. På denne tiden av året pleiet vi hver uke å ta en lang biltur med

henne, helst op på fjellet – i år har jeg vært til fjells en eneste gang endda.”

Mot krig og flukt

I bokhyllene sine har ho *Mein Kampf* og annan litteratur som kan fortelje henne om korleis Hitler eventuelt ville ha behandla eit hjelpelaust menneske som dottera. Sigrid Undset skreiv polemiske innlegg mot den nazistiske tankegangen og hadde for lengst fått bøkene sine forbode i Tyskland. Ho får stadig brev frå jødar i land der forfølginga er i full sving eller tiltar, særleg frå Ungarn. Ho skriv ofte om dette til Jarl Hemmer og gir oss igjen ein nøkkel til sitt særlege engasjement for jødesaka: “Verst stillet er de som er jøde av fødsel og kattholike – det er mange av dem, ikke få kattholiske prester og nonner er fødte jøder. [...] mellom disse var nettopp flere av de beste prester jeg har kjent, [...] makeløse i sin tålmodighet og sin villighet til å lide både for sin race og sin tro.” (Brev til Jarl Hemmer, 5.6.1939)

“Jeg håper å komme til høsten,” skreiv Sigrid Undset på slutten av dette brevet – men Sovjet-russarane kom henne i forkjøpet. I staden vart det enda fleire aktivitetar, nå for Finlands sak. “Finland er jo i mine tanker dagen lang nå,” skriv ho i neste brev i november 1939. “Gud hjelpe os alle.” For sin eigen del sukkar ho over at det er så få ho kan hjelpe mot alle dei som nå treng hjelp. Men tre små finske barn tar ho i mot på Bjerkebæk og sender hjelpepakker så ofte ho kan. Saga Hemmer skriv tilbake frå “Diktargården” at så omtenksame gåver “kan bare den ordna, som själv haft ett hem och varit husmor”.

Da Sigrid Undset må rømme unna den tyske okkupasjonen og kjem seg over til Sverige, får ho omgåande ein invitasjon frå den sovjetokkuperte Jarl Hemmer om at ho trass i alle vanskar sjølvsagt er velkomen til

å bu i “Diktarhemmet” der. Men turen over til USA var alt bestemt – i mars 1941 skriv ho frå Brooklyn utan å vite sikkert om breva kjem fram til sine finsk-svenske venner. “En tvinges til å leve så urolig her, det er på en måte kanskje godt,” skriv Sigrid Undset. “Og jeg har fått et hyggelig lite apartment her i Brooklyn, i en stille avkrok av storbyen – her spaserer folk med sine barnevogner og hunder i gaten, barna løper på rulleskøiter op fortauget, og om natten hører en neppe en lyd uten tutingen av skibene på East River – det er like ved havnen. Så jeg kan ialdfald arbeide i noe som ligner et hjem.”

I denne første tida i Amerika bruker Sigrid Undset all si kraft på å få USA til å gå med i kampen mot nazismen på alliert side. Brev er prega av intenst engasjement, meir enn sorg over at eldstesonen Anders fall i dei første krigsdagane: “Men vi lever jo i håbet om at ved Guds hjelp skal det komme bedre dager, uretten skal ikke triumfere i det lange løp. Og en merker hvordan overbevisningen vokser, også her i Amerika – alle krefter må settes inn på å bekjempe de totalitære statene og dødbringende ideologier.” (Brev til Saga Hemmer, 26.3.1941)

Det var ikkje før i februar 1943 at Sigrid Undset fekk livsteikn tilbake frå sine venner i Finland. “Dere kan ikke tenke dere hvor glad jeg blev for å høre fra dere igjen,” skriv ho tilbake. Ho spør om Elmi og Toimi (dei to største av finskebarna) kan hugse si Sigri-Täti og om dei mon tru har fått alle pakkene ho har sendt? Sigrid Undset er bekymra for den generasjonen som veks opp: “Så meget er i ruinert, også i sinnene verden over. En hel generation av ungdom er vokset op under forhold hvor det er en plikt og en samvittighetssak å trasse alt som autoritet og øvrighet kan kalles, fordi det ingen øvrighet var annet enn volds-

menn og forredere [sic]. Jeg undres somme-
tider, hvordan det kommer til å bli, når den
ungdommen skal lære sig til å innordne sig
under et samfunn med lov og rett.”

Året etter, i 1944, er det altså at Jarl
Hemmer tar sitt eige liv – men Sigrid Und-
set held fram å skrive til Saga Hemmer. I
mange brev etter krigen får vi i lange brev
førstehands kjennskap til forholda i Norge
og Sigrid Undsets eige tomme liv. Ikkje
eingong hagearbeid kan gi ho glede i eit
hus som er tomt for hennar eigen familie,
skriv ho blant anna. ”Selv en have og blom-
ster er det liten glede ved, når en ikke kan
dele gleden med sine kjære.” Men ho er
også kritisk til den regjeringa ho ser tar
form – ei Arbeidarregjering ”som består av
folk som er bra på mange måter, vil likevel
gjerne tilta sig diktatorisk myndighet, og de
inngrep som vi aksepterte fordi de var nød-
vendige for å få landet på fote, forsøker de
å gjøre permanente. Bl.a. ved å sosialisere
likt og ulikt.” (Brev til Saga Hemmer,
15.3.1947) Dette at ”staten skal stelle med
allting” var Sigrid Undset hjarteleg imot –
”i en mild form har vi jo også et totalitært

styre”, skriv ho i eitt av sine siste brev til
Saga Hemmer, eit halv år før ho døde i
1949. (4.12.1948) Typisk var det også for
Sigrid Undset at ho på denne tida deltok i
ein dansk avisdebatt om kommunismens
vesen, om ho kjente seg aldri så tilsidesett
både privat og i det offentlege liv.

Og Sigrid Undsets siste line til Saga
Hemmer er typisk for det store sukket ho
openbert har inni seg etter andre verdskrig:
Ho har inga tru på betring i si eiga tid, men
”en kan håbe at de som nå er unge og især
de som er små barn må få oppleve en sun-
dere og lykkeligere tidsalder end vår har
vært”. (Kjelde som over) Slik sett kan ein på
alle vis lese denne brevutvekslinga med dei
finsk-svenske vennene som eit vitnesbyrd
om kor engasjert og framtidretta Sigrid
Undset var. All hennar åndskamp, dikting
og historiekunnskap handlar mest om dette
eine: Kva slags arv er det vi forvaltar og
korleis skal framtida sjå ut? – Brev til Jarl
og Saga Hemmer er ein særskilt nøkkel til
dette kjempande og kjenslevare mennesket
som Sigrid Undset var.